



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
16/181144-12

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.09.2017

Oversender til klagehandsaming – Klage på avslag på etablering av avkøyrse frå landbruksveg – Fv. 134 – Gnr. 73 bnr. 2 – Hegglandsdalen – Os kommune

Statens vegvesen har mottatt klage på avslag på søknad om å etablere ny avkøyrse frå landbruksveg til fylkesveg 137, Hegglandsdalsvegen. Klagen er mottatt 20.07.2017.

Dokument i saka (utval):

1. Søknad d. 26.11.2016
2. Utfyllande opplysningar frå søkar d. 03.01.2017
3. Svar på søknad d. 09.02.2017
4. Vedr. svar på søknad d. 10.02.2017
5. Spørsmål om klagebehandling d. 16.02.2017
6. Ber om ny behandling d. 19.02.2017
7. Ny vurdering – Søknad om avkjørsel – fv. 134 – gnr. 73 bnr. 2 d. 30.06.2017
8. Klage d. 16.07.2017

Saksutgreiing:

Det er søkt om å etablere ny avkøyrse for tilkomst frå Hegglandsdalsvegen, fylkesveg 137, til jordbruksareal på gnr. 73 bnr. 2. Denne teigen på bruket har tidlegare hatt felles tilkomst med naboen med felles landbruksveg som har gått dels gjennom søkars eigedom og dels gjennom naboen. Naboen har no bygd om landbruksvegen slik at han har sin landbruksveg på eigen grunn. Han har sett opp gjerde i grensa mellom dei to. Dette gjer at søkar må gjennom ei grind dersom han framleis skal nytte avkøyrsla. Dette er tungvint for han, og han søker derfor om ny avkøyrse til fylkesveg 137.

Vi har hatt eit par rundar med sakshandsaming, inkludert synfaring 29.06.2017. Etter ei ny vurdering vart avslaget stadfesta 30.06.2017, med ny frist for å klage på vedtaket. Søkar klaga på vedtaket i brev datert 16.07.2017. Klagen var rettidig.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I klagen skriv søker at han slår 2–3 dekar av sitt 20 dekar store utmarksbeite. Han haustar parsellen 2 gonger i sesongen med vossakasse og får mange turar gjennom grindene som han må opne og lukke kvar gong. Han må og opne og lukke grindene ved gjødsling av arealet og ved henting av sau i beitesesongen. Dersom han får eigen avkøyrsl så kan grinda hans stå open når han haustar, noko som gjer det mykje lettare for han. Han meiner det må vere mogeleg å gi han løyve til eigen avkøyrsl fordi sikta er god og fartsgrensa er 50 km/t. For fullstendig grunningjeving viser vi til klagen som følgjer med vedlagt.

Oversikt over gjeldande situasjon og omsøkt plassering av ny avkøyrsl:



Flybildet viser situasjonen. Gul strek viser naboen sin nye trasé for sin landbruksveg. Han har storfe på beitet sitt. Raudbrun strek viser søker sin trasé, som dei to tidlegare hadde felles. Etter omlegginga må søker no via ei grind i grensegjerdet, merka med liten blå sirkel, for å kome til avkøyrsla han har felles med naboen.

Søknaden er handsama etter veglova § 40, Statens vegvesen sine handbøker og føringar i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest*.

Vurdering:

Ei ny avkøyrsl vil medføre at det vert to landbruksavkøyrslar innanfor ein kort strekning, og to kryssingspunkt over gang- og sykkelvegen for å kome ut på fylkesvegen.

I vårt avslag har vi vist til 0-visjonen som har som mål å legge til rette for at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå og vi har lagt vekt på omsynet til tryggleiken for trafikken på, og langs vegen og for gåande og syklande på gang- og sykkelvegen. Brudd i rekkverk og avkøyrsl over gang- og sykkelveg vil være potensielt trafikkfarleg og bør unngåast.

Vi har og vist til at rammeplanen fylkesveg 137 er i haldningsklasse 3 der talet på direkteavkøyrslar skal vere avgrensa. I følge rammeplan skal ein alltid først vurdere om det er mogeleg å tilknytte seg eksisterande avkøyrslar. Søker har i dag felles avkøyrslar med nabo. Etter Statens vegvesens vurdering kan denne nyttast for å drifte eigedomen. Vi kan ikkje sjå at omsynet til vanskelege driftstilhøve for landbrukseigedomen skal kunne tilleggast større vekt enn omsynet til trafikktryggleiken på staden.

Hegglangsdalsvegen er omkøyringsveg dersom vegen fylkesveg 7 over Gullbotn vert stengt. Det er ein del som sykklar i Hegglangsdalsvegen, både lokalt og folk som sykklar langt, t.d. dei som trenar til sykkelløpet Bergen–Voss.


På synfaringa med søkar 29.06.2017 forklarte vi også at ein opning i rekkverket som skil gang- og sykkelvegen og fylkesvegen må gjerast etter handbok N 101 *Rekkverk og vegens sideområder* kap.4.3 *Rekkverksender*. Det betyr at rekkverksavslutninga i opninga for avkøyrslar vil krevje ei lengre strekning for å vere i samsvar med handboka 4.3.1 punkt 3: *Unntaksvis kan rekkverket svinges ut, føres ned og forankres over fastsatt lengde innanfor sikkerhetssonen (S), jf. kapittel 4.3.3*

I kapittel 4.3.3 står det mellom anna følgjande: *Nedføringen utføres med en helningsvinkel som tilsvarer nedføringen på 12 m lengde for Statens vegvesens standard rekkverk, eller 1:16.* (Vår utheving.)

Dette medfører ein stor opning i rekkverket og er ikkje gunstig for tryggleiken for dei som går og sykklar forbi. Dessutan må terrenget på innsida av gjerdet hevast slik at hellinga i ei eventuell avkøyrslar her ikkje vert for bratt. Vi vurderer dette til å vere eit kostnadskrevjande tiltak.

Vegbilde frå staden:

Vegbilde 1:




Pila viser omsøkt avkøyrslar, retning mot Samnanger. Grinda til høgre i bildet viser eksisterande felles avkøyrslar. Det står ei grind ved stolpen på bildet som viser omtrent kor søkar ønskje ny avkøyrslar.

Vegbilde 2:



Grinda i gjerdet ved omsøkt avkørsel. Retning mot Samnanger.

Vegbilde 3:



Dette vegbildet viser retning mot Os. Omsøkt avkørsel blå strek til venstre.
Eksisterande felles avkørsel ved pil midt i bildet.

Tilråding til vedtak:

Statens vegvesen tilrår at vårt avslag heimla i veglova § 40 på søknad om å etablere ny avkørsel frå gnr. 73 bnr. 2 til Hegglandsdalsvegen, fylkesveg 137 vert oppretthalde. Grunngevinga er omsynet til trafikktryggleiken på staden. Vi kan ikkje sjå at søkar har kome med nye opplysningar i saka som ikkje allereie har vore vurdert i handsaminga av saka.

Region vest, Veg og transportavdelinga
Med helsing

Hanne Hermanrud
avdelingsdirektør

Tore Bergundhaugen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Asbjørn Tore Heggland, HEGGLANDSDALSVEGEN 444, 5211 OS

Os kommune i Hordaland, Pb. 84, 5202 OS